

MØTEBOK

Organ	Planutvalet
Møtestad	Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna
Møtedato	23.11.2016
Kl.	09:00 – 09:30

Faste medlemer til stades:

Jenny Følling (Sp)
Åshild Kjelsnes (Ap)
Sigurd Reksnes (Sp)
Aleksander Øren Heen (Sp)
Trude Brosvik (KrF)
Hilmar Høl (Ap)
Helen Hjertaas (Ap)
Bjørn Hollevik (H)
Gunhild Berge Stang (V)
Stein Malkenes (MDG)
Frank Willy Djuvik (FrP)
Jakob André Sandal (SV)

Forfall til møtet:

Karianne Torvanger (Ap)
Noralf Distad (H)
Karen Marie Hjelmeseter (Sp)

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett: **Tore Eriksen**

Sekretariat for møtet: **Annlaug Kjelstad**

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

SAK 3/16

Arbeidsdokument - Strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur i Sogn og Fjordane

VEDTAK:

2 BAKGRUNN FOR ARBEIDET

Planutvalet sluttar seg til bakrunnen for å starte opp strategiarbeidet. Utvalet peikar også på at arbeidet med senterstruktur og tettstadsutvikling er aktualisert gjennom diskusjonane i kommune- og regionreforma, der fylket treng å posisjonere seg og vere bevisst på strategiar for utvikling av heile fylket.

3 REGIONALE OG NASJONALE FØRINGAR

Planutvalet tek overordna føringer for arbeidet til vitande.

4 RAMMER OG MÅL FOR STRATEGIEN

Planutvalet sluttar seg til framlegg til rammer og mål for strategiarbeidet. Utvalet peikar på at framtidig senterstruktur er avgjerande for utvikling av stader som er attraktive og styrkar folketalsauken.

5 ARBEIDSPROGRAM FOR STRATEGIEN

Planutvalet sluttar seg til framlegg til arbeidsprogram for strategiarbeidet.

6 PROSESS, MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT

Planutvalet sluttar seg til framlegg til prosess medverknad og framdrift.

SAK 4/16

Arbeidsdokument 1/16, Regional transportplan 2018 - 2027

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Status analysearbeidet

Planutvalet tek status for RTP-arbeidet til orientering. Planutvalet aksepterer at NHO og KS (begge Sogn og Fjordane) blir med i den administrative arbeidsgruppa.

Nytt klima- og miljøkapittel i RTP

Planutvalet har ikkje merknader til at ulike temapunkt om klima og miljø vert slege saman til eit nytt og samla kapittel om klima og miljø RTP.

Tala for utslepp av klimagassar på den fylkeskommunale kollektivtransporten i 2015 skal brukast som samanlikningsgrunnlag for framtidige målingar av forbruk og utslepp.

Planutvalet ser at den teknologiske utviklinga knytt til utsleppsreduksjon skjer raskt. Det er i dag for tidlig å si om det vil bli behov for nye teknologiske utviklinger innan 2027.

Godstransport, hamner

Planutvalet godkjenner at kap. 4.6.1 vert endra til Hamner og farleier. Planutvalet beklagar at det ikkje er mogleg å få fram tal på potensialet for overføring av gods frå veg til sjø og bane på fylkesnivå. Tala frå godstransportanalysen viser at potensialet for overføring av gods frå veg til sjø er relativt lite på landsbasis. Planutvalet ber om ei kartlegging/vurdering av potensialet for modulvogntog på vegnettet i fylket og ev. område for omlasting. I denne vurderinga må det også ligge anslag på potensialet for reduksjon av tal vogntog og reduksjon i klimagassutsleppa.

Funksjonsinndelinga av fylkesvegnettet skal vere grunnlaget for prioritering av nye investeringar og drifts- og vedlikehaldstiltak på fylkesvegnettet. Planutvalet i Sogn og Fjordane oppmodar Vegdirektoratet om å få lagt inn denne funksjonsinndelinga i vegdatabanken så snart som råd. Dette vil vere eit viktig hjelpemiddel både for SVV og fylkeskommunen i vurderingane som skal gjerast ved prioritering av tiltak.

Gjennomføringsplan for tunnelrehabilitering

Gjennomføringsplan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane vert, etter ei vurdering, lagt til grunn for prioritering av tiltak. Målet er å få innarbeidd gjennomføringsplanen i handlingsprogrammet til RTP.

Utgreiing av Kystvegen

Utgreiinga av Kystvegen skal leggast ut på høyring til kystkommunane når den er ferdigstilt og sendt til fylkeskommunen. Med bakgrunn i høyringsfråseigner legg administrasjonen fram si tilråding av framtidig trase for planutvalet for førebels konklusjon. Denne vert så å innarbeide i utkast til RTP før planen skal ut til offentleg ettersyn i juni 2017.

Samordning av RTP og andre regionale planar

FT har vedteke oppstart av mange regionale planar som vil bli gjennomførte på same tid. Fylkeskommunen har avgrensa ressursar til alt planarbeidet. Planutvalet meiner det difor er viktig med ei samordning mellom dei ulike planprosessane for å unngå dobbeltarbeid og mål og strategiar med ulik retning.

Endringsframlegg:

Framlegg frå Helen Hjertaas på vegne av hovudutval for samferdsle (HS), jamfør protokoll i sak 04/16 for HS:

1. Framlegg til ny andre setning i blå boks side 1, der «Planutvalet aksepterer at NHO og KS (begge Sogn og Fjordane) blir med i den administrative arbeidsgruppa.» vert endra til «Planutvalet aksepterer at NHO, LO og KS (alle S&F) blir med i den administrative arbeidsgruppa. Kystverket blir kalla inn til møte der saker knytt til kysten står på dagsorden (også overordna problemstillingar).»
2. Framlegg til ny første setning i blå boks øvst på side 3, der «Planutvalet har ikkje merknader til at ulike temapunkt om klima og miljø vert slege saman til eit nytt og samla kapittel om klima og miljø i RTP.» vert endra til «Planutvalet legg til grunn at klima og miljø vert ei viktig vurdering av alle deler i RTP. Det kan godt vere ei samla oppsummering i eige kapittel.»

Framlegg til ny siste setning i blå boks øvst på side 3, der «Planutvalet sluttar seg til strategien om å gjennomføre mulighetsstudiar i forkant av arbeidet med nye anbod.» vert endra til «Planutvalet sluttar seg til å knytte strategien opp mot utslippsreduksjonar og ikkje teknologi.»
3. Framlegg til ny tekst, som erstatning heile framlegget frå fylkesrådmannen i blå boks nedst på side 3: «Planutvalet godtek at kapittel 4.6.1 blir endra til Hamner og farleder. Planutvalet ber administrasjonen arbeide vidare med å framskaffe grunnlagstal for potensiale for overføring av god s frå veg til sjø og bane i Sogn og Fjordane, særleg knytt til stamnetthammnene og fiskerihamnene i fylket. Planutvalet legg til grunn at det blir lagt fram eit program for gjennomføring av overføring av gods frå veg til sjø og bane i Sogn og Fjordane i RTP.»
4. Framlegg til tillegg etter første setning frå Frp i blå boks i øvste del av side 4
«Funksjonsinndelinga skal politisk vurderast før det vert lagt til grunn for prioriteringane.»

Avrøyting:

1. Framlegget frå Helen Hjertaas på vegne av hovudutval for samferdsle (HS) til endring i blå boks på side 1 vart samrøystes vedteke.
2. Framlegget frå Helen Hjertaas på vegne av hovudutval for samferdsle (HS) til 2 endringar i blå boks side 3 vart samrøystes vedteke.
3. Framlegget frå Helen Hjertaas på vegne av hovudutval for samferdsle (HS) til heilt ny tekst i blå boks nedst på side 3 vart samrøystes vedteke
4. Framlegg frå FRP til tillegg i blå boks i øvste del av side 4 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Status analysearbeidet

Planutvalet tek status for RTP-arbeidet til orientering. Planutvalet aksepterer at NHO, LO og KS (alle S&F) blir med i den administrative arbeidsgruppa. Kystverket blir kalla inn til møte der saker knytt til kysten står på dagsorden (også overordna problemstillingar).

Nytt klima- og miljøkapittel i RTP

Planutvalet legg til grunn at klima og miljø vert ei viktig vurdering av alle deler i RTP. Det kan godt vere ei samla oppsummering i eige kapittel.

Tala for utslepp av klimagassar på den fylkeskommunale kollektivtransporten i 2015 skal brukast som samanlikningsgrunnlag for framtidige målingar av forbruk og utslepp.

Planutvalet ser at den teknologiske utviklinga knytt til utsleppsreduksjon skjer raskt. Det er i dag for tidleg å knyte seg opp til ein bestemt teknologi for framtidige anbod innan kollektivtransporten. Planutvalet sluttar seg til å knytte strategien opp mot utslippsreduksjonar og ikkje teknologi.

Godstransport, hamner

Planutvalet godtek at kapittel 4.6.1 blir endra til Hamner og farleder. Planutvalet ber administrasjonen arbeide vidare med å framskaffe grunnlagstal for potensiale for overføring av gods frå veg til sjø og bane i Sogn og Fjordane, særleg knytt til stamnetthamnene og fiskerihamnene i fylket. Planutvalet legg til grunn at det blir lagt fram eit program for gjennomføring av overføring av gods frå veg til sjø og bane i Sogn og Fjordane i RTP.

Funksjonsinndeling av fylkesvegnettet

Funksjonsinndelinga av fylkesvegnettet skal vere grunnlaget for prioritering av nye investeringar og drifts- og vedlikehaldstiltak på fylkesvegnettet. Funksjonsinndelinga skal politisk vurderast før det vert lagt til grunn for prioriteringane. Planutvalet i Sogn og Fjordane oppmodar Vegdirektoratet om å få lagt inn denne funksjonsinndelinga i vegdatabanken så snart som råd. Dette vil vere eit viktig hjelpemiddel både for SVV og fylkeskommunen i vurderingane som skal gjerast ved prioritering av tiltak.

Gjennomføringsplan for tunnelrehabilitering

Gjennomføringsplan for rehabilitering av tunnelar på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane vert, etter ei vurdering, lagt til grunn for prioritering av tiltak. Målet er å få innarbeidd gjennomføringsplanen i handlingsprogrammet til RTP.

Utgreiing av Kystvegen

Utgreiinga av Kystvegen skal leggast ut på høyring til kystkommunane når den er ferdigstilt og sendt til fylkeskommunen. Med bakgrunn i høyringsfråseigner legg administrasjonen fram si tilråding av framtidig trase for planutvalet for førebels konklusjon. Denne vert så å innarbeide i utkast til RTP før planen skal ut til offentleg ettersyn i juni 2017.

Samordning av RTP og andre regionale planar

FT har vedteke oppstart av mange regionale planar som vil bli gjennomførte på same tid. Fylkeskommunen har avgrensa ressursar til alt planarbeidet. Planutvalet meiner det difor er viktig med ei samordning mellom dei ulike planprosessane for å unngå dobbeltarbeid og mål og strategiar med ulik retning.